



MØTEINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 08.05.2017
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 17:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 1100

Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 1100

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
27/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
28/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
29/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
30/2017	ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016
31/2017	BUDSJETT VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF
32/2017	PLANSTRATEGI 2017-2020 - 2 GANGS HANDSAMING
33/2017	INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TILSYN MED FORSØPLING FORURENSINGSLOVEN - INNGÅING AV AVTALE MELLOM VAKSDAL KOMMUNE OG BIR AS
34/2017	LOKAL "FORSKRIFT OM VASS- OG AVLAUPSGBYR I VAKSDAL KOMMUNE" ENDRING I PUNKT I GJELDANDE FORSKRIFT
35/2017	STANDARD ABONNEMENTSVILKÅR FOR VANN OG AVLØP
36/2017	INTERPELLASJON FRA MDG VAKSDAL - TILTAK FOR Å BEKJEMPE PROBLEM MED BRUNSNIGLAR

28. april 2017

Eirik Haga
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
27/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/492

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/492

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 03.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 03.04.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 09:00 - 18:30

DAGSORDEN

Kl 0900 – 1530 KS Folkevaldopplæring v/Asbjørn Vetti

Kl 1630 - Ordinært kommunestyremøte

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved – berre folkevaldopplæringa	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Åshild Eikefet Lien	AP	Varamedlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Varamedlem
Svein Arvid Boge	H	Varamedlem



I tillegg møtte desse varamedlemmene på folkevaldopplæringa:

Varamedlemmer	Parti
Asbjørg Hesjedal	AP
Lillian Seim	AP
Odd Jøran Oldervik	SV
Karin B. Groth	FRP

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bjørn Roald	H	Svein Arvid Boge, H
Line Eide Vik	SP	Ivar Rødland Bergo, SP
Heidi Rongved – frå kl 1600	AP	Åshild Eikefet Lien, AP

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
19/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
20/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
21/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
22/2017	ENDRINGSFORSKRIFT OM MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE, HORDALAND - ENDELEG FRAMLEGG ETTER OFFENTLEG HØYRING
23/2017	HØYRING - REGIONAL AREAL OG TRANSPORTPLAN FOR BERGENSOMRÅDET - AVGRENSA HØYRING
24/2017	HØYRINGSSVAR TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN
25/2017	VAL AV TOMT FOR DALE BARNE- OG UNGDOMSKULE
26/2017	KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE – VAL AV REVISOR



19/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 03.04.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 19/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

20/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 03.04.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 20/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

21/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kommunestyret 03.04.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 21/2017 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

22/2017: ENDRINGSFORSKRIFT OM MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE, HORDALAND - ENDELEG FRAMLEGG ETTER OFFENTLEG HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om minsteareal for hjort vert godkjent som følgjer:

Endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland:

§ 1 Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune i Hordaland.

§ 2 Minstearealet for godkjenning av hjortevald og tildeling av fellingsløyve, er endra frå 1500 daa til:

- 1300 daa for Eksingedalen ovanfor Eikefet/Nese, Bergsdalen og Vaksdal kommune sitt areal på Osterøy.
- 1000 daa for alle andre område i kommunen med teljande hjorteareal.

§ 3 Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar det som gjeld Vaksdal i forskrift av 13. juni 2001 nr. 648 om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Bergen, Sveio, Bømlo, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Samnanger, Os, Austevoll, Sund, Vaksdal, Modalen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.

Vedtaket har heimel i Lov om viltet § 16, Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6 og forvaltningslova § 37.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.03.2017

Behandling:

Det vart stilt spørsmål om habiliteten for Sigmund Simmenes, Jan Erik Bernes Roe og Bjørn Roald. Disse er grunneigarar/eigarar av hjorteareal i kommunen.

Formannskapet vedtok samrøystes at desse er ugilde. Rådmannen må avklara spørsmålet til saka skal opp i kommunestyret.



Rådgjevar landbruk Tore Henrik Øye orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 26/2017 Tilråding:

Forskrift om minsteareal for hjort vert godkjent som følgjer:

Endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland:

§ 1 Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune i Hordaland.

§ 2 Minstearealet for godkjenning av hjortevald og tildeling av fellingsløyve, er endra frå 1500 daa til:

- 1300 daa for Eksingedalen ovanfor Eikefet/Nese, Bergsdalen og Vaksdal kommune sitt areal på Osterøy.
- 1000 daa for alle andre område i kommunen med teljande hjorteareal.

§ 3 Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar det som gjeld Vaksdal i forskrift av 13. juni 2001 nr. 648 om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Bergen, Sveio, Bømlo, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Samnanger, Os, Austevoll, Sund, Vaksdal, Modalen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.

Vedtaket har heimel i Lov om viltet § 16, Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6 og forvaltningslova § 37.

Kommunestyret 03.04.2017

Behandling:

Rådmannen orienterte om habilitetsreglane i forvaltningslova § 6 2. ledd. Desse representantane gjekk frå under behandlinga av habilitetsspørsmålet: Sigmund Simmenes, Jan Erik Bernes Roe, Boris Groth, Arne Normann, Ivar Rødland Berge og Hege Eide Vik. Kommunestyret vedtok samrøystes at representantane er habile til å behandla saka.

Endringsframlegg frå Åshild Eikefet Lien, AP:

Endring i § 2:

Likt minsteareal for godkjenning av hjortevald og tildeling av hjorteløyver i heile Vaksdal kommune, 1000 daa.

Grunngjeving:

Som mange års erfaring frå vilt- og fiskenemnda i Vaksdal kommune, reinsdyrnemnda for Fjellheimen, jervenemnda for Sør Norge og viktig opplæring i Direktoratet i Trondheim veit eg at ulike endringar av arealet og løyver skapar uro i bygder og kommunar.

Blant anna var det ein gang ein kommune som ikkje hadde svart på høyring frå Direktoratet om grensejustering for reinsdyrarel, og som ville ha mista mange løyve med begrunning: det er ikkje reinsdyr der. Var ikkje vår kommune, men eg fekk redda arealet.



Vaksdal kommune

Alle som kan noko om villdyra veit at dei endrar leveområde etter f.eks. harde snøvintrar då dei trekkjer tidleg ut mot ytre strok. Kalvar hjorten der det året vert den som regel der, og hjorteteljinga vert då endra til dei trekkjer innatt ved lettare temperatur og får gå til fjells og eta nyspira mat som er næringsrik heile sommaren.

Eg oppfordrar politikarane her idag til å ivareta Næringsområda og samarbeid mellom bygdene i vår kommune.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Åshild E. Lien vart sett opp mot kvarandre:

Åshild E. Lien sitt framlegg fekk 14 røyster (H, KRF, SP, AP (÷ Anne Christin Eide og Eirik Haga) og vart vedteke.

KOM - sak 22/2017 Vedtak:

Forskrift om minsteareal for hjort vert godkjent som følgjer:

Endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland:

§ 1 Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune i Hordaland.

§ 2 Minstearealet for godkjenning av hjortevald og tildeling av fellingsløyve, er endra frå 1500 daa til:

- 1000 daa for alle område i kommunen med teljande hjorteareal.

§ 3 Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar det som gjeld Vaksdal i forskrift av 13. juni 2001 nr. 648 om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Bergen, Sveio, Bømlo, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Samnanger, Os, Austevoll, Sund, Vaksdal, Modalen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.

Vedtaket har heimel i Lov om viltet § 16, Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6 og forvaltningslova § 37.

23/2017: HØYRING - REGIONAL AREAL OG TRANSPORTPLAN FOR BERGENSOMRÅDET - AVGRENSA HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttale;

Denne planen legg opp til konsentrert arealbruk og attraktive by- og tettstadutvikling i regionale vekstsoner, som grunnlag for måloppnåing. Å utnytte transportinfrastrukturen betre og meir effektivt er eit viktig prinsipp. Vekst i omlandskommunane til Bergen skaper auka etterspørsel etter transport på innfartsårene. Vaksdal kommune vil peike på at den gunstige plasseringa langs Vossebanen og satsing på vekst, utvikling og fortetting i stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale set



kommunen i ein særstilling, og byggjer opp under kundegrunnlaget for miljø- og klimavenleg transport med tog. Vaksdal kommune må difor inkluderast i omgrepet *regional vekstsone*, som inneber å ta i bruk moglegheitene Vossabane representerer som ein *vekstkorridor*.

Det er difor viktig at tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstsone (vekstkorridor).

Den statlege planlegginga og framføring av ny trasé for E16 og jernbane aust for Bergen er viktig bidrag til utvikling av det regionale transportsystemet. Planen bør tydeleggjere dette.

Jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet.

Byvekstavtalen er ei samkøyring av *bymiljøavtalen* og *byutviklingsavtalen*, og skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivdel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som bygger opp under miljøvenleg transport.

Det er viktig for Vaksdal å verte inkludert i arbeidet med *byutgreiinga* og i neste steg *byvekstavtalen*.

I tiltakslista er det oppført *Moglegheitsstudie på massehandtering i Bergensområdet*, utan at dette har planomtale. Sett i lys av dei store utbyggingane av samferdselsprosjekt som kjem ulike stader i fylket, og særleg aktuelt for Vaksdal kommune med ny trasé for E16 og jernbane, er det ønskeleg at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein forvaltningsplan for overskotsmasse. **Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.**

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.03.2017

Behandling:

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 27/2017 Tilråding:

Høyringsuttale;

Denne planen legg opp til konsentrert arealbruk og attraktive by- og tettstadutvikling i regionale vekstsoner, som grunnlag for måloppnåing. Å utnytte transportinfrastrukturen betre og meir effektivt er eit viktig prinsipp. Vekst i omlandskommunane til Bergen skaper auka etterspørsel etter transport på innfartsårene. Vaksdal kommune vil peike på at den gunstige plasseringa langs Vossebana og satsing på vekst, utvikling og fortetting i stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale set kommunen i ein særstilling, og byggjer opp under kundegrunnlaget for miljø- og klimavenleg transport med tog. Vaksdal kommune må difor inkluderast i omgrepet *regional vekstsone*, som inneber å ta i bruk moglegheitene Vossabane representerer som ein *vekstkorridor*.

Det er difor viktig at tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstsone (vekstkorridor).

Den statlege planlegginga og framføring av ny trasé for E16 og jernbane aust for Bergen er viktig bidrag til utvikling av det regionale transportsystemet. Planen bør tydeleggjere dette.

Jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet.

Byvekstavtalen er ei samkøyring av *bymiljøavtalen* og *byutviklingsavtalen*, og skal innehalde mål og



verkemiddel for auka kollektivdel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som bygger opp under miljøvenleg transport.

Det er viktig for Vaksdal å verte inkludert i arbeidet med *byutgreiinga* og i neste steg *byvekstavtalen*.

I tiltakslista er det oppført *Mogelegheitsstudie på massehandtering i Bergensområdet*, utan at dette har planomtale. Sett i lys av dei store utbyggingane av samferdselsprosjekt som kjem ulike stader i fylket, og særleg aktuelt for Vaksdal kommune med ny trasé for E16 og jernbane, er det ønskeleg at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein forvaltningsplan for overskotsmasse. **Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.**

Kommunestyret 03.04.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 23/2017 Vedtak:

Høyringsuttale;

Denne planen legg opp til konsentrert arealbruk og attraktive by- og tettstadutvikling i regionale vekstsoner, som grunnlag for måloppnåing. Å utnytte transportinfrastrukturen betre og meir effektivt er eit viktig prinsipp. Vekst i omlandskommunane til Bergen skaper auka etterspørsel etter transport på innfartsårene. Vaksdal kommune vil peike på at den gunstige plasseringa langs Vossebanen og satsing på vekst, utvikling og fortetting i stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale set kommunen i ein særstilling, og bygger opp under kundegrunnlaget for miljø- og klimavenleg transport med tog. Vaksdal kommune må difor inkluderast i omgrepet *regional vekstzone*, som inneber å ta i bruk moglegheitene Vossabane representerer som ein *vekstkorridor*.

Det er difor viktig at tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstzone (vekstkorridor).

Den statlege planlegginga og framføring av ny trasé for E16 og jernbane aust for Bergen er viktig bidrag til utvikling av det regionale transportsystemet. Planen bør tydeleggjere dette.

Jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet.

Byvekstavtalen er ei samkøyring av *bymiljøavtalen* og *byutviklingsavtalen*, og skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivdel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som bygger opp under miljøvenleg transport.

Det er viktig for Vaksdal å verte inkludert i arbeidet med *byutgreiinga* og i neste steg *byvekstavtalen*.

I tiltakslista er det oppført *Mogelegheitsstudie på massehandtering i Bergensområdet*, utan at dette har planomtale. Sett i lys av dei store utbyggingane av samferdselsprosjekt som kjem ulike stader i fylket, og særleg aktuelt for Vaksdal kommune med ny trasé for E16 og jernbane, er det ønskeleg at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein forvaltningsplan for overskotsmasse. **Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.**



24/2017: HØYRINGSSVAR TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vil understreke at byutvikling og vekst langs kollektivaksen aust for Bergen sentrum vil legge til rette for eit klimavenleg utbyggingsmønster og vere eit potensielt stort bidrag i forhold til klimamål. Vekst i transportbehov skal dekkast av kollektivtransport, sykkel og gange. Med potensialet for vekst og utvikling som ligg til stasjonsbyane i den miljøvenlege «Bergensbaneregionen» i den statlege utbygginga av ny E16 og jernbane, er det viktig at Vaksdal kommune vert sett i samheng med, og invitert med i Fylkeskommunen og Bergen kommune sitt samarbeid med regionsenterkommunane, og om Byvekstavtale. Det er naturleg at Vaksdal skal inngå i *byutgreiing for Bergen*. Samordna areal- og transportplanlegging er ei føresetnad for å nå viktige nasjonale og regionale mål, og toglinja austover er ei openbar ressurs som vil stø opp om målsettingane. Regionale partnerskap er viktige, og Vaksdal kommune vil vere ein naturleg samarbeidspart.

Klassifisering

Kommunen meiner også at inndelinga i overordna fylkesveggar og andre fylkesveggar bør vurderast med tanke på viktige omkøyringsveggar. For samfunnstryggleik og regularitet i vegsystemet er det viktig å ha eit robust vegnett, som inneber alternative løysingar. Fylkesveg 569 frå Dalseid til Mo og fylkesveg 314 over Hamlagrø er eksempel på slike omkøyringsveggar som stadig vert nytta. Vaksdal kommune meiner desse må inngå i overordna fylkesvegnett ut frå funksjon som omkøyringsveg til riksvegnettet, og viktig diagonal i overordna struktur.

Begge desse vegstrekningane har også tunnellar som utgjør flaskehalsar for vekst og utvikling i Eksingedalen og Bergsdalen. Næringsutviklinga i desse dalføra vert hemma av låge tunnellar som treng strossast.

Når det gjeld Fv 343 frå E16 til Vaksdal stasjon/Vaksdal mølle ber kommunen vere merksam på denne med tanke på planlegging og gjennomføring av statleg plan for ny E16 og jernbane, og behov for å prioritere dette både i plan- og budsjettsamheng.

Klima og miljø;

For å møte noverande og komande klima- og miljøutfordringar er det nødvendig med fokus på ras/skredsikring. Vaksdal kommune saknar ras/skredsikring som strategi for utvikling av fylkesvegnettet, eventuelt som satsingstiltak på lik linje med fylkeskommunen si prioritering av grøftereinsk og drenering grunna klimaendring, jamfør strategiar side 12. I Hordaland er det særskild dei indre delane, inkludert Osterfjordområdet, som er særleg utsett for naturfarar som skred og flaum, og dette bør følgjast opp i handlings- og investeringsprogram.

Trygg skuleveg;

Ei prioritering av trygge skuleveggar er positivt, og trafikktryggingstiltak som «hjertesone» rundt skulane og tilrettelegging for auka gange og sykling kan med føremon følgjast opp med tilskotsordningar.

Gange og sykkel;

Å ha gode gang- og sykkelsamband mellom viktige funksjonar er viktig for trafikktryggleik, folkehelse,



areal og miljø. Tilrettelegging for dette er viktig kvalitetsheving, og fylkeskommunen er ein viktig aktør for å sikre slik tilrettelegging i og mellom tettstadene og regionsentra ved ny transporttrasè frå Arna til Voss. Ei slik regional rute vil også vere ei nasjonal rute, og på sikt kan dette også vere eit viktig tiltak for reiseliv og anna næringsutvikling.

Reiseliv;

Vaksdal kommune har mange naturperler langs – og nær fylkesveg, og er positive til å delta i eit prosjekt for tiltak som styrker reiselivet i kommunen, jmfør *handlingsprogram tiltak 5.6*. Fylkesvegen gjennom Bergsdalen, og vegen frå Dalseid (xE16) til Gullbrå i Eksingedalen er strekningar med flotte natur- og kulturopplevingar, som kan tilretteleggast med tiltak. Vaksdal kommune ser også at parkering i samband med friluftsliv som på enkelte stader er ei utfordring både for trafikktryggleik, framkomst og drift/vedlikehald.

Kollektivtransport;

Fylkeskommunen har ei leiande rolle i utvikling av kollektivstrukturen, og Vaksdal kommune vil peike på potensialet tettstadene i kommunen har for vekst og utvikling i kollektivaksen mellom regionsentra. Føresetnadane for ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling er gode, og gjennom kommuneplan og områdeplaner planlegg kommunen for utvikling av attraktive og klimavenlege stasjonsbyar.

Vaksdal kommune vil også peike på den dårlege løysinga for bussreisande til/frå tettstaden Dale. Dale er eit viktig stopp langs E16 og Fylkesveg 314 til Bergsdalen. På Dale er også den einaste ungdomsskulen i kommunen, og mange skuleelevar kjem med buss til Dale barne- og ungdomsskule, og med av/påstiging i konfliktområde er dette lite tilfredsstillande for trygg skuleveg. Vaksdal kommune ber om at fylkeskommunen prioriterer dette i vidare planarbeid og inn i ramme for investeringstiltak 2018-2021. På lengre sikt vil Vaksdal peike på dei viktige knutepunkta som stasjonar og haldeplassar som må ivaretakast ved utbygging av nye transportårer mellom Bergen og Voss.

Innfartsparkering;

Som innspel syner kommunen til at Jernbanedirektoratet er i ferd med å ferdigstille strategi for innfartsparkering langs Vossebana.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.03.2017

Behandling:

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 28/2017 Tilråding:

Vaksdal kommune vil understreke at byutvikling og vekst langs kollektivaksen aust for Bergen sentrum vil legge til rette for eit klimavenleg utbyggingsmønster og vere eit potensielt stort bidrag i forhold til klimamål. Vekst i transportbehov skal dekkast av kollektivtransport, sykkel og gange. Med potensialet for vekst og utvikling som ligg til stasjonsbyane i den miljøvenlege «Bergensbaneregionen» i den statlege utbygginga av ny E16 og jernbane, er det viktig at Vaksdal kommune vert sett i samanheng med, og invitert med i Fylkeskommunen og Bergen kommune sitt



samarbeid med regionsenterkommunane, og om Byvekstavtale. Det er naturleg at Vaksdal skal inngå i *byutgreiing for Bergen*. Samordna areal- og transportplanlegging er ei føresetnad for å nå viktige nasjonale og regionale mål, og toglinja austover er ei openbar ressurs som vil stø opp om målsettingane. Regionale partnerskap er viktige, og Vaksdal kommune vil vere ein naturleg samarbeidspart.

Klassifisering

Kommunen meiner også at inndelinga i overordna fylkesvegar og andre fylkesvegar bør vurderast med tanke på viktige omkøyingsvegar. For samfunnstryggleik og regularitet i vegsystemet er det viktig å ha eit robust vegnett, som inneber alternative løysingar. Fylkesveg 569 frå Dalseid til Mo og fylkesveg 314 over Hamlagrø er eksempel på slike omkøyingsvegar som stadig vert nytta. Vaksdal kommune meiner desse må inngå i overordna fylkesvegnett ut frå funksjon som omkøyingsveg til riksvegnettet, og viktig diagonal i overordna struktur.

Begge desse vegstrekningane har også tunnellar som utgjør flaskehalsar for vekst og utvikling i Eksingedalen og Bergsdalen. Næringsutviklinga i desse dalføra vert hemma av låge tunnellar som treng strossast.

Når det gjeld Fv 343 frå E16 til Vaksdal stasjon/Vaksdal mølle ber kommunen vere merksam på denne med tanke på planlegging og gjennomføring av statleg plan for ny E16 og jernbane, og behov for å prioritere dette både i plan- og budsjettsamanheng.

Klima og miljø;

For å møte noverande og komande klima- og miljøutfordringar er det nødvendig med fokus på ras/skredsikring. Vaksdal kommune saknar ras/skredsikring som strategi for utvikling av fylkesvegnettet, eventuelt som satsingstiltak på lik linje med fylkeskommunen si prioritering av grøftereinsk og drenering grunna klimaendring, jamfør strategiar side 12. I Hordaland er det særskild dei indre delane, inkludert Osterfjordområdet, som er særleg utsett for naturfarar som skred og flaum, og dette bør følgjast opp i handlings- og investeringsprogram.

Trygg skuleveg;

Ei prioritering av trygge skulevegar er positivt, og trafikktryggingstiltak som «hjertesone» rundt skulane og tilrettelegging for auka gange og sykling kan med føremon følgjast opp med tilskotsordningar.

Gange og sykkel;

Å ha gode gang- og sykkelsamband mellom viktige funksjonar er viktig for trafikktryggleik, folkehelse, areal og miljø. Tilrettelegging for dette er viktig kvalitetsheving, og fylkeskommunen er ein viktig aktør for å sikre slik tilrettelegging i og mellom tettstadene og regionsentra ved ny transporttrasè frå Arna til Voss. Ei slik regional rute vil også vere ei nasjonal rute, og på sikt kan dette også vere eit viktig tiltak for reiseliv og anna næringsutvikling.

Reiseliv;

Vaksdal kommune har mange naturperler langs – og nær fylkesveg, og er positive til å delta i eit prosjekt for tiltak som styrker reiselivet i kommunen, jamfør *handlingsprogram tiltak 5.6*. Fylkesvegen gjennom Bergsdalen, og vegen frå Dalseid (xE16) til Gullbrå i Eksingedalen er strekningar med flotte natur- og kulturopplevingar, som kan tilretteleggast med tiltak. Vaksdal kommune ser også at parkering i samband med friluftsliv som på enkelte stader er ei utfordring både for trafikktryggleik, framkomst og drift/vedlikehald.



Kollektivtransport;

Fylkeskommunen har ei leiande rolle i utvikling av kollektivstrukturen, og Vaksdal kommune vil peike på potensialet tettstadene i kommunen har for vekst og utvikling i kollektivaksen mellom regionsentra. Føresetnadane for ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling er gode, og gjennom kommuneplan og områdeplaner planlegg kommunen for utvikling av attraktive og klimavenlege stasjonsbyar.

Vaksdal kommune vil også peike på den dårlege løysinga for bussreisande til/frå tettstaden Dale. Dale er eit viktig stopp langs E16 og Fylkesveg 314 til Bergsdalen. På Dale er også den einaste ungdomsskulen i kommunen, og mange skuleelevar kjem med buss til Dale barne- og ungdomsskule, og med av/påstiging i konfliktområde er dette lite tilfredsstillande for trygg skuleveg. Vaksdal kommune ber om at fylkeskommunen prioriterer dette i vidare planarbeid og inn i ramme for investeringstiltak 2018-2021. På lengre sikt vil Vaksdal peike på dei viktige knutepunkta som stasjonar og haldeplassar som må ivaretakast ved utbygging av nye transportårer mellom Bergen og Voss.

Innfartsparkering;

Som innspel syner kommunen til at Jernbanedirektoratet er i ferd med å ferdigstille strategi for innfartsparkering langs Vossebana.

Kommunestyret 03.04.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 24/2017 Vedtak:

Vaksdal kommune vil understreke at byutvikling og vekst langs kollektivaksen aust for Bergen sentrum vil legge til rette for eit klimavenleg utbyggingsmønster og vere eit potensielt stort bidrag i forhold til klimamål. Vekst i transportbehov skal dekkast av kollektivtransport, sykkel og gange. Med potensialet for vekst og utvikling som ligg til stasjonsbyane i den miljøvenlege «Bergensbaneregionen» i den statlege utbygginga av ny E16 og jernbane, er det viktig at Vaksdal kommune vert sett i samanheng med, og invitert med i Fylkeskommunen og Bergen kommune sitt samarbeid med regionsenterkommunane, og om Byvekstavtale. Det er naturleg at Vaksdal skal inngå i *byutgreiing for Bergen*. Samordna areal- og transportplanlegging er ei føresetnad for å nå viktige nasjonale og regionale mål, og toglinja austover er ei openbar ressurs som vil stø opp om målsettingane. Regionale partnerskap er viktige, og Vaksdal kommune vil vere ein naturleg samarbeidspart.

Klassifisering

Kommunen meiner også at inndelinga i overordna fylkesvegar og andre fylkesvegar bør vurderast med tanke på viktige omkøyringsvegar. For samfunnstryggleik og regularitet i vegsystemet er det viktig å ha eit robust vegnett, som inneber alternative løysingar. Fylkesveg 569 frå Dalseid til Mo og fylkesveg 314 over Hamlagrø er eksempel på slike omkøyringsvegar som stadig vert nytta. Vaksdal kommune meiner desse må inngå i overordna fylkesvegnett ut frå funksjon som omkøyringsveg til riksvegnettet, og viktig diagonal i overordna struktur.



Begge desse vegstrekningane har også tunnellar som utgjør flaskehalsar for vekst og utvikling i Eksingedalen og Bergsdalen. Næringsutviklinga i desse dalføra vert hemma av låge tunnellar som treng strossast.

Når det gjeld Fv 343 frå E16 til Vaksdal stasjon/Vaksdal mølle ber kommunen vere merksam på denne med tanke på planlegging og gjennomføring av statleg plan for ny E16 og jernbane, og behov for å prioritere dette både i plan- og budsjettsamanheng.

Klima og miljø;

For å møte noverande og komande klima- og miljøutfordringar er det nødvendig med fokus på ras/skredsikring. Vaksdal kommune saknar ras/skredsikring som strategi for utvikling av fylkesvegnettet, eventuelt som satsingstiltak på lik linje med fylkeskommunen si prioritering av grøftereinsk og drenering grunna klimaendring, jamfør strategiar side 12. I Hordaland er det særskild dei indre delane, inkludert Osterfjordområdet, som er særleg utsett for naturfarar som skred og flaum, og dette bør følgjast opp i handlings- og investeringsprogram.

Trygg skuleveg;

Ei prioritering av trygge skuleveggar er positivt, og trafikktryggingstiltak som «hertese» rundt skulane og tilrettelegging for auka gange og sykling kan med føremon følgjast opp med tilskotsordningar.

Gange og sykkel;

Å ha gode gang- og sykkelsamband mellom viktige funksjonar er viktig for trafikktryggleik, folkehelse, areal og miljø. Tilrettelegging for dette er viktig kvalitetsheving, og fylkeskommunen er ein viktig aktør for å sikre slik tilrettelegging i og mellom tettstadene og regionsentra ved ny transporttrasè frå Arna til Voss. Ei slik regional rute vil også vere ei nasjonal rute, og på sikt kan dette også vere eit viktig tiltak for reiseliv og anna næringsutvikling.

Reiseliv;

Vaksdal kommune har mange naturperler langs – og nær fylkesveg, og er positive til å delta i eit prosjekt for tiltak som styrker reiselivet i kommunen, jamfør *handlingsprogram tiltak 5.6*. Fylkesvegen gjennom Bergsdalen, og vegen frå Dalseid (xE16) til Gullbrå i Eksingedalen er strekningar med flotte natur- og kulturopplevingar, som kan tilretteleggast med tiltak. Vaksdal kommune ser også at parkering i samband med friluftsliv som på enkelte stader er ei utfordring både for trafikktryggleik, framkomst og drift/vedlikehald.

Kollektivtransport;

Fylkeskommunen har ei leiande rolle i utvikling av kollektivstrukturen, og Vaksdal kommune vil peike på potensialet tettstadene i kommunen har for vekst og utvikling i kollektivaksen mellom regionsentra. Føresetnadane for ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling er gode, og gjennom kommuneplan og områdeplaner planlegg kommunen for utvikling av attraktive og klimavenlege stasjonsbyar.

Vaksdal kommune vil også peike på den dårlege løysinga for bussreisande til/frå tettstaden Dale. Dale er eit viktig stopp langs E16 og Fylkesveg 314 til Bergsdalen. På Dale er også den einaste ungdomsskolen i kommunen, og mange skuleelevar kjem med buss til Dale barne- og ungdomsskule, og med av/påstiging i konfliktområde er dette lite tilfredsstillande for trygg skuleveg. Vaksdal



kommune ber om at fylkeskommunen prioriterer dette i vidare planarbeid og inn i ramme for investeringstiltak 2018-2021. På lengre sikt vil Vaksdal peike på dei viktige knutepunkta som stasjonar og haldeplassar som må ivaretakast ved utbygging av nye transportårer mellom Bergen og Voss.

Innfartsparkering;

Som innspel syner kommunen til at Jernbanedirektoratet er i ferd med å ferdigstille strategi for innfartsparkering langs Vossebana.

25/2017: VAL AV TOMT FOR DALE BARNE- OG UNGDOMSKULE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eksisterande skuletomt, gbnr 22/171, vert valt som lokalisering av ny barne- og ungdomskule på Dale.

Kommunestyret 03.04.2017

Behandling:

Ordføraren orienterte frå arbeidet i referansegruppa.

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV, H, MDG, FRP:

1. Sandliane vert valt som lokalisering av ny barne og ungdomsskule på Dale.
2. Ny skule vert bygd med kultursal som stettar krav til akustikk, lager, øvingslokale og publikum for kulturlivet i heile kommunen.
3. Ved sal av gbn. 22/171 må det tas høgde for eventuelt areal til ny jernbanestasjon på Dale.
4. Svømmeanlegg, rehabilitering eller nybygg vert å avklare når endeleg kostnadskalkyle føreligg.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen og framlegget frå Kjartan Haugsnes vart sett opp mot kvarandre: Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 7 røyster (SV, H, FRP, MDG) og fall.

KOM - sak 25/2017 Vedtak:

Eksisterande skuletomt, gbnr 22/171, vert valt som lokalisering av ny barne- og ungdomskule på Dale.



26/2017: KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE – VAL AV REVISOR

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vel som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

Kontrollutvalet 15.03.2017

Behandling:

Møtet blei lukka jf. kml. §31.3

I møtet 15.03.17 hadde sekretariatet førebudd sak til kontrollutvalet der utvalet skulle innstilla overfor kommunestyret på val av revisor for Vaksdal kommune frå 01.07.2017. Det er kommunestyret som skal gjera det endelege vedtaket. Sekretariatet presenterte i møtet 15.03.17 eit munnleg forslag til kven kommunen bør velja som revisor. Det blei også presentert ei grunngeving i høve dei 3 tildelingskriteria som ligg til grunn i konkurranse-grunnlaget.

Leiar for kontrollutvalet var nøgd med presentasjonen.

På bakgrunn av det som kom fram i saksframlegget, og ut frå det som blei presentert i møtet, vart kontrollutvalet tilrådd å kome med innstilling til val av revisor for Vaksdal kommune frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

Medlemene i kontrollutvalet var etter presentasjonen samrøystes samd om å innstille på Deloitte AS som revisor for Vaksdal kommune frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

KONT - sak 11/2017 Tilråding:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

Kommunestyret 03.04.2017

Behandling:

Saka blei behandla først i møtet.

I medhald av forvaltningslova § 6 2. ledd, vedtok kommunestyret samrøystes at Kjartan Haugsnes er ugild i saka. Odd Jøran Oldervik kom inn i hans stad.

Roald Breistein frå sekretariat for kontrollutval i Hordaland fylkeskommune orienterte.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 26/2017 Vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.



SPØRSMÅL

Skriftleg spørsmål frå Kjartan Haugsnes:

Søkjartal og plass i dei kommunale barnehagane i Vaksdal.

I dei siste kommunestyremøta og formannskapsmøta har det vore etterlyst og debattert at fleire barn i barnehagane i Vaksdal ikkje får plass i sin lokale barnehage. Foreldre på Dale, og særleg på Vaksdal har vore uroa over at det kun vert tilbydd plass på Stanghelle.

For foreldre som pendlar til Voss og Bergen på arbeid får særlege utfordringar når barnehageplassen ikkje er i nærmiljøet.

Søknadsfristen i dette barnehageopptaket var 1. mars, men i formannskapet 20. mars kunne ikkje administrasjonen gjere greie for problemstillinga.

SV har vorte kontakta av fleire foreldre som no har fått melding om at deira barn har fått tilbod om barnehageplass anna stad enn i nærbarnehagen.

Spørsmål.

1. Kan ein i kommunestyret 03.04.2017 gjere greie for kor mange barn som ikkje har fått tilbod i sin nærbarnehage/førsteval?
2. Arbeider administrasjonen med å finna turvande løysingar som ikkje inneber at barn må pendla?

Rådmannen gav slikt svar:

Alle med rett til plass i barnehage får plass, også dei som er født i november, sjølv om dette ikkje er vedtatt enda. Om rett til barnehageplass:

Retten til barnehageplass gjelder for barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av oktober det året det vert søkt om barnehageplass. Stortinget skal våren 2017 avgjøre om også barn født i november skal få rett til plass. Det er stor grunn til å tru at Stortinget vedtar å gi barn født i november rett til plass. (hentet fra regjeringen.no)

1. Barnehageopptak pågår frå 1.mars og utover våren, me reknar med ut april. Dette er vanleg prosedyre ved barnehageopptak.

Tilbodsbrief vert sendt ut i fleire puljar. Alle med rett vil få tilbod, men ved å sende i puljar held vi oversyn over mogelege endringar (dei som takkar nei til tilbodet) og kan gje flest mogeleg tilbod i tråd med ynskje. Då slepp foreldra å få fleire tilbodsbrief.

I opptaket held vi oss til kriteria fastsett i vedtektene, og alder tel sterkast når det gjeld ynskje om barnehage.

Når det gjeld søkjarar som «ikkje har fått fyrstevalet» er det viktig å hugse at dei utgjer mange ulike kategoriar - til dømes:

1. Barn som allereie har plass, men som står på venteliste til fyrsteval
2. Barn som allereie har plass og som vel å bli der dei er sjølv om dei får tilbod om fyrstevalet



3. Familiar med fleire barn som prioriterer å få sysken i same barnehage framfor i kvar sin (seier altså nei til tilbod om fyrsteval for eldste born)
4. Nye søkjarar
5. Nye søkjarar med fleire barnehagar i søknaden

Det er ikkje rett mot desse foreldra å forenkla behova deira til berre bustad/næraste barnehage.

Sidan opptaket ikkje er ferdig er det for tidleg å gjere greie for kor mange barn som ikkje har fått tilbod i sin nærbarnehage/førsteval i år.

Det me ser er at det er klart flest barn frå Dale som ikkje får plass i nærbarnehage (Dale). Slik har det vore over fleire år. Etter andre runde er det 3 frå Vaksdal og 17 frå Dale som har fått plass på Stanghelle. For Dale sin del er det innkjørt at dei minste barna går på Stanghelle og det fungerer bra sjølv om foreldra pendlar i båe retningar.

2. Administrasjonen arbeider med løysingar for å utnytte arealkapasiteten i dei ulike barnehagane slik at flest mageleg får plass i sin nærbarnehage. Der det er areal nok kan vi ha større ev. fleire avdelingar.

T.d på Vaksdal kan vi ved å nytte «all-rommet» utvide kapasiteten der, det er også god plass til større avdelingar. Vi vil også fylle opp kapasiteten i dei andre barnehagane. Dette har vi gjort tidlegare då vi hadde fleire barn i barnehagane. Bemanning vert tilpassa tal plassar.

Fagmiljøet vårt vurderer at det beste er å halde aktivitetane samla for å unngå isolerte personalgrupper og unødig ressursbruk, altså unngå å oppretta ny avdeling utanfor dei eksisterande barnehagane.

Pr. no er det sendt ut to puljar med tilbod. Det er forventa at fleire takkar nei til tilbodet. Dette er vanleg når det gjeld dei yngste borna. Foreldra søker til hovudopptaket, men endrar ofte planane - tek lengre permisjon osb. Me reknar med å sende ut den siste pulje ganske snart, og så vert det alltid litt justeringar til slutt før alt er på plass.

I samband med økonomiplanen vil vi sjå nærmare på behovet frametter. Så langt ser dette ut som normale variasjonar mellom bygdene. Tal barn er ganske stabil, men det er søkt om plass til fleire små barn som tel som to plassar, dvs krev meir areal og meir bemanning. For det vi kjenner til for 2017 (neste kull) ser det ut som tal fødte vil bli om lag som i 2016, rundt 40 barn.

Når opptaket er klart litt etter påske har vi ei full oversikt. Om det blir behov for budsjettjustering vil vi legge det fram i samband med tertial 2.

Andre spørsmål:

Anneli Vatle Lilletvedt

Om openhet og innsyn i offentlege verksemder/publisering av dokument på Innsyn Rådmannen svarte

Arne Normann

Om flaumsikringsarbeidet i Bolstadfjorden til Stamnes - kan ordføraren sjekka kven som har ansvaret for dette området
Ordføraren svarte



Vaksdal kommune

Jan Hansen

Om ledige eldrebustader på Vaksdal
Rådmannen svarte

Tom Charles Johnsen

Om kildesortering i offentlege bygg i Vaksdal kommune
Ordføraren svarte



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
29/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/492

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
29/2017.1	BRUK AV VIGILO I BARNEHAGANE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Notat

Til
Kopi til:

Saksbehandlar: Rådmann/Åse Elin Myking
Vår referanse: 17/61 - 17/3507 / FA - A10, TI - &00
Dato: 27.04.2017

Emne: BRUK AV VIGILO I BARNEHAGANE

I samband med revisjon av vedtektene vart det stilt krav om samtykke til bruk av Vigilo i barnehagane i kommunen. Vigilo er eit dataverktøy for dagleg drift i barnehagen og kommunikasjon med foreldre/føresette. Mange kommunar har tatt programmet i bruk. Programmet vart presentert for foreldre/føresette i vinter. Status for tilbakemeldingane er at nesten alle har samtykka, 1-2 er skeptiske/ikkje interessert og nokre (færre enn 5) har ikkje svart.

Me har undersøkt saka med Datatilsynet. Dei svarer at kommunen i dette høve har rettsleg grunnlag for å ta i bruk Vigilo og at det ikkje er krav om samtykke. Kommunen har eit «tjenestleg behov» for å nytte verktøyet i drifta og rettsleg grunnlag til registrering av barn for å ha oversyn over kven som er til stades. Fylkesmannen viser til Datatilsynet i denne saka.

Med bakgrunn i at dei fleste foreldre ynskjer å ta i bruk verktøyet, og basert på svaret frå Datatilsynet, har rådmann godkjent å ta i bruk Vigilo i barnehagane i kommunen.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017
30/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 033, TI - &14	17/232

ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016

Vedlegg:

Årsmelding Kontrollutvalet 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Vaksdal Kontollutval for 2016 godkjennes slik den ligg føre.

Kontrollutvalet - Sak 05/2017

KONT - Behandling:

Leiar for kontrollutvalet tok ein gjennomgang av årsmeldinga for kontrollutvalet i 2016.

Eit av medlemene meinte at folkevaldopplæringa som blei avholdt for kontrollutvalet på Solstrand Hotel & Bad 25. og 26. januar 2016 burde være med i årsmeldinga. Medlemene var samd i dette, og dette blei lagt til.

Medlemene i kontrollutvalet hadde ingen andre kommentarar til årsmeldinga. Årsmeldinga justeres i samsvar med kommentarar i møtet.

KONT - Tilråding:

Årsmelding for Vaksdal Kontollutval for 2016 godkjennes slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Leiar for kontrollutvalet tek ein gjennomgang av årsmeldinga for kontrollutvalet i 2016.

KONTROLLUTVALET I VAKSDAL

ÅRSMELDING 2016

1. SAMANSETNING AV UTVALET

Medlemer

Boris Groth, leiar
Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar
Björg Aase Nottveit Hop
Odd Jøran Oldervik
Terje Davidsen

Varamedlemer:

1. Anny Bjordam Leiren
2. Roald Brekke
3. Olav Jarl Bruvik
4. Jeanette Eriksen
5. Ole Petter Lien
6. Frank Robert Aas
7. Britt Opheim

Sekretær: Roger F. Erlandsen, Askøy kommune

2. MØTEVERKSEMD

Utvalet har i 2016 hatt 6 møte, og det er registrert 32 saker.

Tilsette i kommuneadministrasjonen har møtt etter innkalling frå kontrollutvalet.

Representant frå Deloitte har ikkje fast møteplikt, men er til stades på møta enten etter eige interesse eller etter innkalling frå kontrollutvalet.

SAKER UTVALET HAR HATT TIL HANDSAMING

a. Innstillingssaker

Som kommunen sitt kontrollorgan skal kontrollutvalet med bakgrunn i revisjonsmeldinga gje uttale om årsrekneskapen før han skal vedtakas av Kommunestyret.

I 2016 har kontrollutvalet fått seg førelagt følgjande rekneskap:

Rekneskap Vaksdal kommune for 2015.
Rekneskap Vaksdal Kommunale Arbeids og Opplæringscenter for 2015.
(AO-Senteret).

b. Saker i 2016

Sak	Møtedato	Sak nr
ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER	27.01.16	01/16
PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: PROSESSMØTE 1	27.01.16	02/16
FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK	27.01.16	03/16
ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER	27.04.16	04/16
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015	27.04.16	05/16
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER FOR 2015	27.04.16	06/16
FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK	27.04.16	07/16
REVISJONSTENESTER	27.04.16	08/16
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015	11.05.16	09/16
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER FOR 2015	11.05.16	10/16
ÅRSMELDING KONTROLLUTVALGET FOR 2015	11.05.16	11/16
INFORMASJON FRA HFK OM SEKRETARIATTENESTE	11.05.16	12/16
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	14.09.16	13/16
GODKJENNING AV PROTOKOLL	14.09.16	14/16
ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER	14.09.16	15/16
PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: PROSESSMØTE 2	14.09.16	16/16
VAL AV NY FORVALTNINGSREVISJON	14.09.16	17/16
HFK	14.09.16	18/16
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	13.10.16	19/16
GODKJENNING AV PROTOKOLL	13.10.16	20/16
OPPDATERTE PLANDOKUMENT: PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL	13.10.16	21/16
VAL AV NY FORVALTNINGSREVISJON	13.10.16	22/16

EKSTERN REVISOR NY KONKURRANSE – FULLMAKT TIL KONTROLLUTVALET	13.10.16	23/16
HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE	13.10.16	24/16
TILBOD FRÅ HFK PÅ GJENNOMFØRING AV ANBODSKONKURRANSE FOR REVISJONSSTENESTE	13.10.16	25/16
KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTENE FOR VAKSDAL KOMMUNE – FORSLAG TIL KONKURRANSEGRUNNLAG	13.10.16	26/16
BUDSJETT KONTROLLUTVALET 2017	13.10.16	27/16
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	07.12.16	28/16
GODKJENNING AV PROTOKOLL	07.12.16	29/16
BESØK AV EINING: VAKSDAL SJUKEHEIM	07.12.16	30/16
ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN PÅ OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONEN AV HEIEMETENESTA (2015)	07.12.16	31/16
ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»	07.12.16	32/16

Kontrollutvalet deltok på Folkevaldopplæring for kontrollutval i kommunar i Hordaland. Dette blei arrangert på Solstrand Hotell & Bad 25. og 26. januar 2016. Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune stod for store delar av opplæringa, og det var også hyra inn nokre eksterne førelesarar. Folkevaldopplæringa bidrar til å gjere eit godt arbeid i kontrollutvalet, og her kan også nyttige kontaktar knyttes.

Det blei i 2016 utarbeida ny Plan for forvaltningsrevsjon og ny Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

Kontrollutvalet bestilte ny forvaltningsrevisjon av Deloitte: *Kvalitet i pleie- og omsorgstenestene*. Formålet med revisjonen er å undersøkje i kva grad brukarar og tilsette opplever at omsorgstenestene i Vaksdal kommune har tilfredsstillande kvalitet.

Det blei henta inn tilbud frå Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet (HFK) på sekretariattjenester for kontrollutvalet i Vaksdal. Tilbodet blei akseptert og vedtatt av kontrollutvalet. (Vedtak om å engasjere HFK som sekretariat for kontrollutvalet blei fatta i kommunestyremøte med møtedato 13.02.2017).

Avtaleperiode for revisjonstenester for Vaksdal kommune går ut 30.06.17. Det blei derfor vedteke å gjennomføre ny konkurranse i høve revisjonstenester for kommunen. Det blei vedteke at Hordaland fylkeskommune v/ sekretariat for kontrollutvalet skulle utføre dette arbeidet.

c. Saker som må følgjast opp i 2017

Foreta forvaltningsrevisjon i samsvar med Plan for forvaltningsrevisjon

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar. Vurdere når selskapskontroll skal gjennomførast.

Rekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune for 2016

Rekneskap og årsmelding Vaksdal Kommunale Arbeids og Opplæringscenter for 2016
(AO-Senteret)

Kontrollutvalet takkar for jobben Deloitte har utført som revisor. Kontrollutvalet takker for godt samarbeid med kommunen, og ser fram til eit godt samspel også i året som kjem.

Leiar for KU takkar medlemene for godt samarbeid og innsats i 2016.


Dalekvam februar 2017

KONTROLLUTVALET I VAKSDAL

Boris Groth / 
Leiar


Bente Jorunn H. Sundheim
Nestleiar


Bjørg Aase Nottveit
Hop
Medlem


Odd Jøran Oldervik
Medlem


Terje Davidsen
Medlem



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
31/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Truls Morten Kaland	FE - 151	16/1031

BUDSJETT VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Vedlegg:

Møteprotokoll styret for AO-senteret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godgjenger budsjett 2017 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.798.700,-. Kr 1.496.500,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 302.200,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

Saksopplysningar:

Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF (AO-senteret) handsama budsjett 2017 i møte 15.12.2017.

AO-senteret sitt budsjett vert finansiert med 50% tilskot frå NAV (tilskot til Varig tilrettelagt arbeid i skjerma versemnd) og 50% tilskot frå Vaksdal kommune.

Utover dette er det laga avtale mellom Vaksdal kommune og AO-senteret om gjennomføring av tiltak som vert finansiert 50% av tilskot frå NAV (Varig lønstilskot) og 50% tilskot frå Vaksdal kommune. Vaksdal kommune sin del vert dekkja av integreringstilskotet.

Budsjett for AO-senteret er vist under:

	2016	2017	Auke
VTA - lønsutgifter	2 194 270	2 634 290	440 020
VTA - driftsutgifter	515 710	559 060	43 350
VTA - inntekter og refusjonar	-743 600	-660 200	83 400
VTA - tilskot frå NAV	-1 512 600	-1 798 700	-286 100
VTA - tilskot frå Vaksdal kommune	-453 780	-734 450	-280 670
Sum	-	-	-

	2016	2017	Auke
Dagsenter - lønsutgifter	951 770	928 008	-23 762
Dagsenter - driftsutgifter	148 600	189 260	40 660
Dagsenter - inntekter og refusjonar	-41 550	-33 000	8 550
VTA - tilskot frå Vaksdal kommune	-1 058 820	-1 084 268	-25 448
Sum	-	-	-

	2016	2017	Auke
Tilskot frå NAV	-1 512 600	-1 798 700	-286 100
Tilskot frå Vaksdal kommune	-1 512 600	-1 818 718	-306 118

Den kommunale delen var i 2016 kr 1.512.600,- og vert frå AO-senteret foreslått auka til kr 1.818.718,- i 2017. I budsjett 2017 for Vaksdal kommune som vart vedteke 12.12.2016 var det føresett kr 1.496.500,-. Det er difor trong for ytterlegare auke av opprinneleg budsjett.

Utan tilskot frå NAV og Vaksdal kommune medfører AO-senteret sitt budsjettframlegg ei samla auke på kr 592.218,-. Den kommunale delen av tilskotet er noko meir enn 50%. Den ekstra stillinga medfører ei auke på om lag kr 430.000,- pr år. Ordinær prisauke med 2,5% utover dette utgjør om lag kr 76.000,-. Administrasjonen vurderer det slik at AO-senteret bør tilpasse budsjett slik at tilskotet frå Vaksdal kommune tilsvarer tilskotet frå NAV.

MØTEPROTOKOLL

Styret for AO senteret KF

Møtedato: 15.12.2016

Møtestad: AO senteret

Møtetid: 14.00 – 15.00

TILSTADES PÅ MØTET:

Anita Sævild
Magne Hestad
Roald Hesjedal
Evelyn Boge
Mai Britt Rishes Iversen

FORFALL:

MØTANDE VARAMEDLEMMER:

Andre møtande: Dagleg leiar Grete Nedkvitne

Saker som vart drøfta:

GODKJENNING AV BUDSJETT FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Styret godkjente dagleg leiar sitt budsjettforslag 2017 for Vaksdal Kommunale Arbeids og opplæringscenter KF

Underskrifter :

Anita Sævild

Evelyn Boge

R. Hesjedal

Magne Hestad

Mai-Britt Rishes Iversen

MØTEINNKALLING

Styret for AO senteret KF

Møtedato: 15.12. 2016
Møtestad: AO senteret, Dalegården
Møtetid: kl 14.00 -15.00

Eventuelle forfall/melding om møtande varamedlem skal meldast til
Grete Nedkvitne tlf 56596778 eller mail grete.nedkvitne@vaksdal.kommune.no

Sakliste:
**BUDSJETT 2017 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG
OPPLÆRINGSSENTER KF**

Saksframlegg til styret:
Vedlagt er budsjett for 2017 for Vaksdal kommunale Arbeids og opplæringscenter KF.

Framlegg til vedtak:
Styret for AO-senteret godkjenner budsjett for Vaksdal kommunale Arbeids og
opplæringscenter KF.

MOGELEGE ANDRE SAKER / DRØFTINGAR

Dale, 14.11.2016
Grete Nedkvitne

Dagleg leiar

Budsjett for AO senteret KF 2017		2016	2017	2016	2017
		VTA	VTA	DAGSENER	DAGSENER
	Ao senteret KF				
	teneste 234				
3010	fast løn	1483000	1818700	635380	652508
3116	fast løn reinhaldspersonale	18000	23500	18000	23500
3021	vikarløn v/sjukdom	40000	50000	12360	15000
3025	vikarløn v/ferie	30000	30000	20000	20000
3061	Anna løn/honorar	91670	92000	20000	20000
3068	seniorbonus	9000	9000	9000	9000
3086	møtegodtgjersle	1300	1300	0	0
3087	tapt arbeidsfortjeneste	1000	1000	0	0
3091	pensjonspremie - fellesordninga	266800	289310	121230	84000
3096	kollektiv gruppelivsforsikring	5000	5000	3000	3000
3099	arbeidsgjevaravg	248500	314480	112800	101000
	sum	2194270	2634290	951770	928008
3100	kontormateriell	2500	2500	500	1000
3115	matvarer	20000	25000	3000	15000
3121	velferdstiltak	3000	5000	2000	5000
3122	motivasjonskostnader	1500	2000	1000	2000
3123	arbeidstøy	5000	10000	500	2000
3124	produksjonsmateriell - råvarer	150000	160000	500	3000
3126	reingjeringsmateriell	5000	5000	5000	3000
3129	andre driftsutgifter	3000	3000	1000	2000
3130	post og banktjenester	500	500	500	500
3133	porto	200	500	100	100
3135	abonnementsavgift og teljarsteg	1800	3000	1800	2000
3141	stillingsannonser	0	1000	0	1000
3144	reklame/informasjonsmateriell		10000		0
3146	gåver og representasjon	500	500	500	500
3150	opplæring, kurs		0	0	0
3153	kursavg	11500	30000	3000	12000
3160	skys og kostgodtgjersle	0	0	0	0
3162	køregodtgjersle	1000	1500	500	1500
3165	andre oppgavepl godtgjersler	4000	4000	4000	4000
3166	Telefongodtgjersle	0	0	0	0
3170	transport	0	0	0	0
3171	årsavgifter, forsikring transportmidlar	4000	4500	4000	4500
3172	drivstoff og rekvisita	13000	15000	3000	5000
3173	vedlikehald/service av transpmidlar	6000	7000	3000	4000
3180	energi	20000	30000	20000	25000
3186	reiseforsikring	200	200	200	200
3188	yrkesskadeforsikring	4000	4000	4000	2000
3190	husaleiga	72400	77360	72400	77360
3196	kontigentar	20000	20000	0	0
3197	lisensar/avgifter	3500	3500	3500	3500
3200	innventar og utstyr	38110	50000	1000	10000
3220	kjøp av maskiner	50000	50000	0	1000
3230	vedlikehald og byggtjenester	6000	10000	600	600
3240	vedlikehald og drift av maskiner	10000	10000	0	2000
3245	drifts-/serviceavtalar datasentralar	1000	1000	1000	1000
3247	drifts-/serviceavtalar kontormaskiner	1000	1000	1000	1000
3262	utgifter til leigevask	0	0	0	0
3248	teknutst-årleg kontr/sertifisering	45000	0	0	0
3270	konsulenttjenester	11000	11000	11000	11000
3271	tap	1000	1000	0	0
	sum utgifter	2709980	3193350	1100370	1117268

		2016	2017	2016	2017
		VTA	VTA	DAGSETER	DAGSETER
3650	sal av varer og tjenester m/avg.	-550000	-550000	-2050	-3000
3653	portoinntekter		-200	0	0
3655	tjenester utført for kommunen	-70000	-60000	-10000	-10000
3701	refusjon frå arbeidsmarknadsetaten	-1512600	-1798700	0	0
3711	refusjon frå sjukepengar	-51100	-50000	-29500	-20000
3730	refusjon frå fylkeskommunar	-22500	0	0	0
3780	refusjon frå Vaksdal kommune	-453780	-734450	-1058820	-1084268
3940	bruk av disp fond	-50000	0	0	0
	sum inntekter	-2709980	-3193350	-1100370	-1117268
	Auke i lønnsutgifter på VTA, refusjon frå arbeidsmarkedsetaten og kommune skuldast at det er tilsett assistent der lønnsutgiftene vert dekkja 50% av lønnstilskot frå NAV og dei restrerande 50% vert dekkja av integreringstilskot frå kommunen.				



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
24/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.03.2017
32/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FE - 141, TI - &37	15/1569

PLANSTRATEGI 2017-2020 - 2 GANGS HANDSAMING

Vedlegg:

2016 Planstrategi Vaksdal til høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunal planstrategi for Vaksdal kommune 2016-2019 vert vedtatt slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 24/2017

FPØ - Behandling:

Saka skal vidare til kommunestyret.

Framlegg frå ordføraren:

Kommunestyret ber om ei samla framstilling for det som gjeld næring og friluftsliv.

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Framlegget frå ordførar samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding:

Kommunal planstrategi for Vaksdal kommune 2016-2019 vert vedtatt slik den ligg føre.

Kommunestyret ber om ei samla framstilling for det som gjeld næring og friluftsliv.

Saksopplysningar:

Kommunal planstrategi er eit verktøy i plan- og bygningslova, §10-1. Ved revisjon av plan- og bygningslova i 2008 vart det sett krav til at kommunane skal utarbeide kommunal planstrategi kvart 4. år.

Saka gjeld godkjenning av kommunal planstrategi 2016-2019. Hensikten med planstrategiane er å


legge til rette for ei ønska samfunnsutvikling, samt gje politisk nivå i kommunen reell og meir innflytelse i planarbeid i kommunane. Målet er større samhandling og forankring av planarbeid mellom administrativt og politisk nivå i kommunen, og ei tettare kopling mellom fag og folkemeining. Gjennom arbeidet med planstrategien skal det gjerast systematiske vurderingar av kommunen sitt planbehov, slik at kommunen betre kan møte aktuelle utfordringar.

Saka vart handsama i FPØ 30.01.2017 - Sak 06/2017, og vedtatt lagt til offentlig høyring. Høyringsperioden har frist 12. mars 2017. Innan 10. mars er det kome 4 innspel; frå Statens vegvesen, NVE , Kystverketog Direktoratet for mineralforvaltning. Eventuelle andre merknader i saka vert lagt fram i møtet 20. mars 2017. Planstrategien er ikkje juridisk bindande, og det er ikkje anledning for motsegn til dette dokumentet.

Gjennom å klarleggje kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen er målet å betra den kommunale planlegginga. Det er då viktig at planlegginga er behovsstyrt og ikkje vert gjort meir omfattande enn nødvendig.

Målsetjing:

- Betre og meir behovsstyrt planlegging
- Verktøy for politisk prioritering av planoppgåver
- Betre samarbeid om planoppgåver på tvers av kommune- og fylkesgrenser



Prosess

Det er andre krav til offentlege medverknadsprosessar i samband med arbeidet med planstrategien enn ved anna planarbeid. Kommunen skal innhente synspunkt frå nabokommunar, statlege og regionale organ, og forslag til kommunal planstrategi skal til offentlig høyring i minimum 30 dagar før handsaming (vedtak) i kommunestyret, jamfør Plan- og bygningslova §10-1. Planstrategien er ikkje juridisk bindande, og det er ikkje anledning for motsegn til dette dokumentet.

Vurdering

Planstrategien har ein kortfatta status for nøkkeldata, utfordringstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling, levekår og folkehelse. Planarbeidet i kommunen har vore omfattande, særleg dei 3 siste åra. Strategien gjer også greie for dette. Desse planane skal takast i bruk, dei skal omsetjast til praksis. Me skal trygge det me er flinke til, og heve oss der me har mest å hente. Nytt planarbeid skal

bidra til det siste, nemleg å heve oss der det er mest nødvendig.

Kommunen står føre ein særleg krevande periode med store statlege samferdselsprosjekt, som vil påverke kvardagane til innbyggjarane i større og større grad. I denne planstrategien er det då også vektlagt ein balanse mellom planlegging og iverksetting ut frå kapasiteten i kommuneorganisasjonen.

Endringar etter høyring og offentleg ettersyn:

Det er ikkje gjort endringar etter offentleg medverknad.

Oppsummering etter innkomne merknader følgjer under.

Oppsummering av merknader til planframlegget:

Nr	Dagsett	Offentleg instans	Merknad
1		Fylkesmannen	Kan kome
2		Hordaland fylkeskommune	Kan kome
3	7. mars 2017	Bane NOR	Kan kome
4		Statens vegvesen	Peiker på nasjonale forventningar, rikspolitiske retningslinjer og aktuelle forskrifter vert ivaretatt i planlegging
5	1. mars 2017	NVE	NVE har ingen merknader til framlegget.
6	22. feb 2017	Direktoratet for mineralforvaltning	Om mineralressursar.
7	9.mars	Kystverket	Ingen merknader til framlegget
		Andre	

1. Fylkesmannen

2. Hordaland fylkeskommune

3. Bane NOR

4. Statens vegvesen

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivareteke i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, fylkesveg på vegne av fylkeskommunen, og som statleg fagmyndighet med sektoransvar innan vegtransport.

For transportpolitikken er det eit overordna mål å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekkar samfunnet sitt behov for transport og som fremjar regional utvikling. Viktige tema for Statens vegvesen er:

- *Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*
- *Satsing på mjuke trafikantar, fotgjengarar og sykkel*
- *Eit godt og velutvikla kollektivtilbod*
- *Universell utforming*
- *Behandling av støy og reduksjon av klimagassutslepp*
- *Kommunal trafikksikkerheitsplan*

Dei fleste av tema er tatt opp i planstrategien, men me vil nemne fylgjande:

- *For å oppnå dei tre hovudtema i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (vedtatt av stortinget i 2015), er det viktig at «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» vert lagt til grunn i planarbeidet.*
- *For å oppnå at Vaksdal kommune vert ein trygg og inkluderande stad for alle, bør det arbeidast*

for eit universelt utforma transportsystem. Transportsystemet skal vere tilgjengeleg for alle i samsvar med «Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming».

- *Støy relatert til E 16 er ei utfordring i Vaksdal kommune. Syner difor til gjeldande forskrift «T-1442; Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», som må leggjast til grunn i utgreiinga i høve utbyggingar langs veg.*

Rådmannen sin kommentar: Merknader er knytt til innhaldet i komande planarbeid, og må ivaretakast i utarbeiding av planar.

5. NVE

NVE har ingen merknader til framlegget til planstrategi.

6. Direktoratet for mineralforvaltning

For å få ei god og berekraftig forvaltning av våre mineralressursar oppmodar DMF til at det lages temaplan for mineralressursar. Planane kan lages som kommunedelplanar i kvar einskilde kommune, men vi oppmodar sterkt til at det blir utarbeidd regionale planar for mineralske ressursar. Dette er i tråd med regjeringas nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som spesifikt seter at behovet for og tilgangen på byggeråstoff ses i ei regional samanheng.

DMF anbefaler derfor at kommunen legg opp til ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar, enten som ei eige plan eller i samband med ei eventuell plan for massehandtering. Sjå til dømes til Regional plan for masseforvaltning i Akershus

Rådmannen sin kommentar:


Det er lagt opp til plan for massehandtering/forvaltning i denne planstrategien.

7. Kystverket

Kystverket har ingen merknader til planstrategi

Vurdering

Med bakgrunn i saka slik det er gjort greie for rår ein til at Planstrategi for Vaksdal 2016-2019 vert vedteken.



KOMMUNAL
PLANSTRATEGI
2016-2020



vaksdal
kommune
BYNÆRT BYGDELIV

Føreord

Kommunal planstrategi er eit styringsdokument der kommunen tek stilling til kva planar som skal utarbeidast i komande 4-års periode. Dette kan vere nye planar, eller rullering av eksisterande. Samfunnet er i konstant endring, som naturleg nok påverkar aktualiteten av planar. Dette kan også medføre at enkelte planar utgår, eller vert del av andre planar. Planane våre skal vere aktuelle, realistiske og nødvendige, slik at planarbeidet ikkje vert meir omfattande enn behovet tilseier.

I det pågåande arbeidet med rullering av samfunnsdelen har kommunen definert både verdigrunnlag og målsettingar. Det er naturleg å sjå planstrategien i lys av dette. Samstundes gjev nasjonale lover og retningslinjer rammer for oss, i tillegg til regionale føringar. Ulike kunnskapsgrunnlag seier oss noko om kva me er flinke til, og kor forbetringspotensialet er størst. Det er då naturleg å ta tak i dette, slik at me både «løftar» enkelte område, og sikrar at me forblir gode på aktuelle område.

Verdiane som er lagt til grunn i samfunnsdelen:

Samhald er tufta på ynskje om å skape eit samfunn som ber preg av likeverd og rausheit. Det å kjenne seg inkludert, er viktig både for ein sjølv, og for samfunnet generelt. I samhald ligg det å framsnakke kommunen sin, og å vere med på å skape utviklinga av Vaksdal kommune i ynskt retning.

Open skal bygge på det å vere god på informasjon og kommunikasjon i kommunen. Den opne haldninga skal bidra til at fleire kjenner seg imøtekomne i kommunen, enten dei er tilflyttarar, tilreisande eller innbyggjarar. God kommunikasjon og openheit skal bidra til ryddige og transparente prosessar. Det opne samfunnet er med på å bidra til trygge oppvekstvilkår.

Nyskaping gjer Vaksdal kommune meir innovativ og nytenkande. Skaparkrafta skal fremjast og satsast på, og gje grunnlag for nye idéar for samfunnet. Vaksdal kan utvikle sine fortrinn, for å fremje styrkar og identitet.

Dette grunnlaget gjev oss ei retning for samfunnsutviklinga.



- eit verdivalg

Innhold


Føreord	2
1 INNLEIING	4
Kva er kommunal planstrategi?.....	4
Kommunen sitt plansystem.....	5
Rammene for planstrategien	6
Nasjonale forventningar	6
Kommunale forventningar	6
Planarbeid i 2012-2016	7
Kommuneplanen	8
Kommunedelplan Oppvekst(2013)	8
Kommunedelplan Helse og omsorg (2016)	8
Kulturplan (2016).....	8
Kulturminneplan (2015)	8
Trafikktryggleiksplan (2016)	9
Overordna beredskapsplan/ROS for Vaksdal (2015).....	9
2 PLANBEHOV FOR PLANPERIODEN 2016-2020.....	10
Kunnskapsgrunnlag	10
Utfordringar.....	10
Demografi og samfunnsutvikling.....	10
Levekår og folkehelse	11
3 PRIORITERTE OMRÅDE	12
Samfunnsutvikling	12
Folkehelse.....	12
Klima, energi og miljø.....	13
Samfunnstryggleik.....	13
Samla vurdering av planbehov i kommunen i perioden 2016-2020:	13
Planar til rullering i perioden.....	13
Tabell 1 Planarbeid 2016-2020.....	14
Følgjande overordna planar er gjeldande eller under arbeid:	14

1 INNLEIING

Kva er kommunal planstrategi?

Kommunal planstrategi er eit verktøy i plan- og bygningslova, §10-1. Ved revisjon av plan- og bygningslova i 2008 vart det sett krav til at kommunane skal utarbeide kommunal planstrategi kvart 4. år. Denne skal vedtakast innan eit år etter at nytt kommunestyre er sett. Første generasjon planstrategiar vart då vedtekne i 2012. Andre generasjons planstrategiar skal då vedtakast i 2016.

Hensikten med planstrategiane er å legge til rette for ei ønska samfunnsutvikling, samt gje politisk nivå i kommunen reell og meir innflytelse i planarbeid i kommunane. Målet er større samhandling og forankring av planarbeid mellom administrativt og politisk nivå i kommunen, og ei tettare kopling mellom fag og folkemeining. Fokus vert då dreia frå fag til prosess og samhandling, der målet er ei omforeint planportefølgje. Gjennom arbeidet med planstrategien skal det gjerast systematiske vurderingar av kommunen sitt planbehov, slik at kommunen betre kan møte aktuelle utfordringar.



Gjennom å klarleggje kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen er målet å betra den kommunale planlegginga. Det er då viktig at planlegginga er behovsstyrt og ikkje vert gjort meir omfattande enn nødvendig.

Planstrategi skal vere eit overordna styringsdokument, og vert avgrensa til dei overordna plandokument; kommuneplan, kommunedelplanar og dei viktigaste temaplanane.

Tidsperspektivet i dei overordna kommunale planane er vanlegvis 10-25 år. I kommunal planstrategi skal ein ta stilling til kva planar som skal utarbeidast i den næraste 4-års-perioden. Dette gjeld nye planar, rullering av eksisterande, eller endra temasamansetting – til dømes er kommunen sin tidlegare barne/ungdomsplan no del av *Kulturplan for Vaksdal kommune 2016-2026* (vedtatt 2016).


Målsetjing:

- Betre og meir behovsstyrt planlegging
- Verktøy for politisk prioritering av planoppgåver
- Betre samarbeid om planoppgåver på tvers av kommune- og fylkesgrenser

Kommunen sitt plansystem

Grunnpilaren i Vaksdal kommune sitt plansystem er kommuneplanen. Den består av ein arealdel og ein samfunnsdel og er det overordna planverket som andre planar skal forankrast i. Samstundes er det naudsynt at kommuneplanen sjølv er forankra i gjeldande lovverk og tek omsyn til nasjonale og regionale føringar og mål. Samfunnsdelen tek for seg utviklingstrekk og utfordringar i samfunnet og presenterer mål og strategiar for den framtidige utviklinga. Arealdelen med tilhøyrande føresegn seier kva type arealbruk som gjeld i ulike delar av kommunen. Ved utbygging krev somme område og tiltak ein områdeplan eller reguleringsplan. Kommunedelplanar tek føre seg ulike samfunnstema, til dømes *oppvekst og helse og omsorg*. På somme område er det behov for endå meir spesifikke planar. Me snakkar då om tema- og fagplanar. Døme på dette er trafikktryggleiksplan, beredskapsplan for vassverk, ruspolitisk handlingsplan, med meir. Alle planar skal forankrast oppover i det kommunale planhierarkiet, kor kommuneplanen tronar på toppen. Handlingsdelen er tatt inn i økonomiplanen som vert rullert årleg. Planen tek for seg dei store linene i inntekter, drift og investering. Årsbudsjettet bygger på økonomiplanen.

Interkommunale plansamarbeid er òg ein del av kommunekvardagen. I kommunar som Vaksdal er det vanleg å delta i interkommunale samarbeid innan ulike tenester. Helsetenester og renovasjon er døme på dette.



Figur 1 Det kommunale plansystemet

Rammene for planstrategien

Nasjonale forventningar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging¹ vedtatt av stortinget i 2015 skal leggjast til grunn for dei nye kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og planar. Forventningane er knytt til tre hovudtema:

1. Gode og effektive planprosessar
2. Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
3. Attraktive og klimavennlige by- og tettstedsområde

Gode og effektive planprosessar inneber raskare prosessar for planlegging av bustad, næring og samferdsel. Samarbeid, enklare regelverk, målretta planlegging og auka bruk av IKT er viktige verkemiddel.

Berekraftig areal- og samfunnsutvikling handlar om omstilling til lavutslepp-samfunn og tilpassing til klimaendringar. Dette inneber også å legge til rette for auka verdiskaping og næringsutvikling, og innovasjon og vekst i nye og grønne næringar. Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse er viktig, og tilrettelegging for eit godt samspel mellom by og omland, forskning, utdanning og kompetanse.

Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde treng miljøvenlege transportsystem, tilstrekkeleg bustadbygging, sunne og trygge omgjevnader og gode levekår for alle. Dette inneber mellom anna å skape kompakte sentrum rundt kollektivknutepunkt. Nærleik til marknader, kompetansemiljø og kvalifisert arbeidskraft gjer byar og tettstader viktigare, og auka fokus på sentra som er attraktive, sunne og gode å bu og arbeide i. Urbane og grønne kvalitetar, attraktive byrom, møteplassar og uteareal med god arkitektur og kulturhistorie bidreg til «å høyre til». Helse, trivsel og levekår vert framheva, og arbeid for å redusere livsstilssjukdomar og plager frå forureing i nærmiljøet er viktig. Fysisk aktivitet, helsefremjande miljø, sosiale og kulturelle aktivitetar og gode møteplassar kan bidra til sunnare livsstil og auka aktivitet for alle. Ei aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar som grunnlag for mellom anna identitet, friluftsliv og næringsutvikling.

Samferdselsdepartementet si bestilling (desember 2015) til Statens Vegvesen og Jernbaneverket om utredning/planlegging av K5 Arna-Stanghelle i statleg plan direkte på reguleringsplannivå fordrar ei tett oppfølging med internt og eksternt samarbeid, og stort planarbeid og arealforvaltning i komande planperiode.

Kommunale forventningar

I det nylege arbeidet med samfunnsdelen er det utarbeida verdiar og målsettingar for samfunnsutviklinga:

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging/id2416682/>

Bynært bygdeliv

Samhald

Open

Nyskapande

Vaksdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg stad å bu for alle

- Trygge og utviklande oppvekstvilkår for barn og unge
- Aktivitet for alle
- Trygg stad å bu, og å ferdast
- God arealutnytting som bind både funksjonar og stader saman

Stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle er attraktive sentra som inviterer til aktivitet

- Dale skal vere ein samlingsplass for heile kommunen
- Eit variert kulturtilbod som femner alle
- Lett for næringslivet å etablere seg
- Breit tilbod av bustadar og arbeidsplassar, som samsvarar med folketalsvekst og arealtilgang

Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter

- Kommunen er medveten si rolle i samfunnsutviklinga
- Tenestene i Vaksdal er moderne, helsefremjande og innovative
- Aktiv bidragsytar for eit regionalt og interkommunalt næringsliv
- Eit samfunn som tek høgde for framtidige utfordringar
- Veg- og jernbaneutbygging bidrar til positiv samfunnsutvikling

Planarbeid i 2012-2016

Til planstrategi 2012 vart det utarbeidd eit utfordringsdokument og ei prioritert liste for planarbeid i perioden 2012-2016:

Mykje av dette planarbeidet er fullført, noko er enno under arbeid, og nokre få punkt er ikkje starta opp. Dette kan vere fordi behovet er endra, eller overordna retningslinjer gjev nye føringar. Til dømes er det utarbeidd overordna beredskapsplan/ROS, og interkommunalt samarbeid om legevaktteneste. Kommunen har i denne perioden gjennomført omstillingar og tilpassingar til framtida. Omorganisering og nye strukturar er tilpassa ein meir effektiv og framtidsretta kommuneorganisasjon, utgreiing av regionale samferdselsprosjekt gjennom kommunen, kommunereform, omsorgs- og oppvekststruktur har vore tunge prosessar som har vore førande i planarbeidet.

I perioden har det vore utarbeidd ei rekke planar;

- Kommunedelplan oppvekst, vedtatt 2013
- Kommunedelplan helse- og omsorg, vedtatt 2016
- Overordna ROS/beredskapsplan, 2016
- Kulturplan, vedtatt 2016
- Kulturminneplan, vedtatt 2015
- Trafikktryggleiksplan, vedtatt 2016 (Trafikksikker kommune)

I perioden har det også vore eit omfattande utgreiingsarbeid i høve kommunestruktur og skulestruktur, samt utvikling av konseptet «Lev vel» i Vaksdal. I 2015 vart det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag - *Folkehelseoversyn for Vaksdal*.

Kommuneplanen

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel er i slutfasen, og kommunen sin visjon *bynært bygdeliv* er konkretisert i tre kjerneverdier; *open, samhald* og *nyskapande*, med målsetjingar for utvikling av kommunen. Dette er eit viktig grunnlag for strategiutvikling.

I 2014 leverte Statens vegvesen og Jernbaneverket KVU Voss-Arna. Dette har prega rulleringa av kommuneplanen, både samfunnsdel og arealdel, og har også medført at kommunen i 2016 har starta arbeidet med områdeplanar for stasjonsbyane Vaksdal og Stanghelle. I tillegg er reguleringsendring av Tettaneset under arbeid.

Det er forventa at rullering av både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen vert avslutta i planperioden.

Kommunedelplan Oppvekst(2013)

Kommunedelplan oppvekst har som føremål å - *styrke faktorar som sikrar alle barn og unge ein god oppvekst*. Omgrepet *forsterke kvalitet i grunnopplæring for alle* er sentralt, og dette gjeld både strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Nye behov gjer at det er lagt opp till rullering i planperioden.

Kommunedelplan Helse og omsorg (2016)

Kommunedelplan for helse og omsorg gjeld kommunen sitt tenestetilbod, både for somatisk og psykisk helse. Den omfattar tenester innan helsefremjing, førebygging, rehabilitering, behandling og omsorg, men ikkje ruspolitisk- og bustadsosial handlingsplan. Dei to sistnevnte bør utarbeidast i perioden.

Kulturplan (2016)

Kulturplanen har anker i visjonen *Bynært bygdeliv*, med mål om *Kultur for alle*, med underteksten; *mangfald – samhald – trivsel – utvikling*. Planen er eit arbeidsreiskap for alle kulturaktørar i Vaksdal. Planen vart vedteken i 2016.

Kulturminneplan (2015)

Plan for kulturminne 2015-2018 har overordna målsetting å styrkja kommunen si evne til å ivareta kulturminna sine på best mogeleg måte. Dette er ein «ikkje-fornybar-ressurs», som ein må ha oversikt over, for å kunne prioritere. Slik kan ein også redusere faren for konflikt mellom verneinteresser og andre private- og samfunnsinteresser. Planen vart vedteken i desember 2015.

Trafikktryggleiksplan (2016)



Trafikktryggleiksplan 2016-2019 markerer eit vende i det systematiske trafikktryggleiksarbeidet i kommunen. Denne planen er tydeleg på fellesansvaret mellom einingane Oppvekst, Helse- og omsorg og Samfunnsutvikling, for å nå det overordna målet om *null drepne og null skadde*. Einingane har såleis ein felles plan og gjennomføring av tiltak for det systematiske arbeidet. Kommunen vart godkjent som trafikksikker kommune (<https://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/>) i 2016, og Dale barne- og ungdomsskule vart tildelt trafikksikringsprisen 2016 for det samla løftet som kommunen har gjort så langt. *Dalekunst* har vore ein sentral aktør i dette.

Overordna beredskapsplan/ROS for Vaksdal (2015)

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin tryggleik innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. Beredskapsplanen er utarbeida på grunnlag av den heilskaplege ROS-analysen for Vaksdal kommune som vart utarbeida i 2014. I ROS-analysen viser kommunen korleis vi både kan redusere sannsynet for at uønskte hendingar skjer og korleis ein kan førebu seg slik at konsekvensar for liv og helse, stabilitet, miljø, økonomiske verdiar og for kommunen sitt omdømme vert så små som mogeleg. Dei hendingane som vert omfatta av beredskapsplanen vert vurdert å ha ein høgare risiko enn det som vert oppfatta som "normal risiko". Beredskapsplanen er samordna med andre relevante krise- og beredskapsplanar i og utanfor kommunen. Planen var ferdig, og vedtatt i 2015.

2 PLANBEHOV FOR PLANPERIODEN 2016-2020

Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlag er i hovudsak faktastoff og tal som er grunnlag for utvikling, status, og statistiske framskrivingar. Statistisk sentralbyrå og Hordaland fylkeskommune si statistikkavdeling² er hovedkjelder for dette kapittelet. I 2015 og 2016 er det utarbeidd kunnskapsgrunnlag særleg for kommunen. Dette er folkehelseoversyn, demografi og bustadutvikling, næringsutvikling og oppvekstforhold. Saman med Hordaland fylkeskommune si oversikt og risikoindeks for folkehelse er dette dei viktigaste statistiske kjeldene for denne planstrategien.

Demografi (befolkningslære) gjeld folketal og utvikling over tid, og innbyggarsamansetning (til dømes alder, kjønn, familiemønster osv).

Utfordringar

Demografi og samfunnsutvikling

Basert på status og utviklingstrekk er det tydeleg at Vaksdal kommune si utfordring blir å snu ein negativ folketalsutvikling i løpet av planperioden. Om dagens utvikling med fråflytting i utkanten og berre moderat folkevekst i stasjonsbyane held fram kan det i nær framtid verte ei utfordring å oppretthalde dagens service og tenestetilbod i alle delar av kommunen.

Ved sida av folketalet er det og utfordringar knytt til alderssamansetninga. Det er ein demografisk tendens at aldersgruppa 18 – 35 er underrepresentert i kommunen noko som kan skuldast manglande tilbod for studerande og få arbeidsplassar for unge. Det er dessutan for få av dei utflytta ungdommane som vel å flytte attende til Vaksdal kommune for å etablere seg

Dei sentrale områda i kommunen som har best kommunikasjonar mot Bergensregionen sine vekstsentra har føresetnader for ein vekst som er vesentleg større enn prognosane tilseier. Det er difor vurdert at kommuneplanen må legge til rette for ei vekstfremjande utvikling i dei tre stasjonsbyane slik at desse kan fungere som lokale kraftsentra som kan bidra til at den negative utviklinga i utkantane kan reverserast.

Bustadutvikling og næringsutvikling er store tema i kommuneplanen som er under rulling. Tettstadutvikling og samferdsel er tunge fagområde i områdeplanar som er starta, for stasjonsbyane Vaksdal og Stanghelle. Målsettinga er å skape attraktive tettstader.

Fleire av dei mest sentrale utfordringane knytt til trafikk og samferdsel i Vaksdal kommune ligg utanfor kommunen sitt direkte ansvarsområde og kan difor ikkje løysast gjennom kommunal planlegging aleine. Vaksdal kan vere ein viktig pådrivar for å få fart på dei endringsprosessane som er i gang for å betre hovudtransportsystemet gjennom utbetring av Bergensbanen og E16.


² <http://statistikk.igest.no/hf/>

Levekår og folkehelse

Folkehelseoversynet frå 2015 peikar på ei rekkje forhold.

Andelen born som går i barnehage er lågare enn samanliknbare kommunar, særleg mellom dei yngste borna. Unntaket er minoritetsspråklege born, der fleire går i barnehage i Vaksdal enn i andre kommunar. Elevane i grunnskulen trivst med skulekvardagen, dei gjer meir lekser og skulkar mindre enn landssnittet. Utdanningsnivå og bruttoinntekt i befolkinga er lågare enn landssnittet. Ni av ti unge opplever nærmiljøet sitt som trygt. Psykiske vanskar aukar, og mest blant dei unge (15-29 år) i kommunen, men likevel: færre i Vaksdal oppsøker primærhelsetenesta med psykiske symptom og lidingar enn i fylket og landet elles. Andelen røykarar i kommunen er høgare enn snittet i fylket. Og Vaksdal har den høgaste uføreandelen i fylke. Vaksdal har høg andel eldre i kommune. Kommunen kjem høgt på tabellen over hjarte- og karsjukdomar, muskel- og skjelettlidningar og kreftsjukdom. Sjukefråveret i kommunen har vore høgt i mange år. To av kommunen sine fire vassverk er ikkje godkjente. Kvalitetsavvik (bakterie-innhald) gjer at drikkevotnet i periodar må kokast. Kommunen har høg grad av pendling, både inn og ut av kommunen. Talet på trafikkulukker har gått ned, men framleis skjer det alvorlege ulukker langs stamveg og fylkesvegar gjennom kommunen. Valdeltakinga i Vaksdal er lågare enn i fylket og landet elles.

Hordaland fylkeskommune har også utarbeidd risikoindeks for folkehelsa i kommunane. Det er viktig å merke seg at risikoindeks **ikkje** seier noko om korleis folkehelsestanden er, men er eit mål for sårbarheiten, med andre ord; risiko for negativ utvikling³.



Fylkeskommunen seier i rapporten; «*Vaksdal scorar generelt ganske dårleg på dei fleste delindeksane. Vaksdal får sin høgaste delindeksrisiko for grunnskoledelen⁴, og har den nest høgaste låginntektsdelen blant kommunane.*»

³ Risikoindeks er eit ukjent begrep for mange. Eit eksempel kan vere; Mange innbyggjarar i ein kommune er tilsett i oljeindustrien, og kommunen har lite arbeidsløyse. Men vanskelege tider er varsla. Kommunen vil då ha ein høg risikoindeks (stor sansynlegheit) for auka arbeidsløyse). Ein høg risikoindeks peikar på at kommunen må vere budd på endringar, og sjå etter alternative løysingar for dette.

3 PRIORITERTE OMRÅDE

Samfunnsutvikling

Statleg planlegging av ny trasè for E16 og dobbeltspora jernbane inneber store endringar og krav til transformasjonar i mange av kommunen sine funksjonar og areal. Kommunen ser for seg eit omfattande planarbeid i perioden, med ferdigstilling av kommuneplan, *områdeplanar* for stasjonsbyane og planar for massehandtering og deponi.

Arbeidet med samfunnsutvikling, med vekt på areal- og ressursforvaltning står i ei særstilling i komande planperiode. Kommunen sitt ansvar som samfunnsutviklar, og areal- og ressursforvaltning har ei viktig og naturleg samanheng med næringsutvikling. Planarbeidet med arealdelen til kommuneplanen, områdeplanar for stasjonsbyane og samhengane til statlege reguleringsplanar, inkludert «tunge» tema som til dømes massehandtering vil vere prioritert. Ein *strategi for massehandtering* bør utarbeidast.

Folkehelse

Den største delen av kommunen si tenesteytande verksemd er knytt til helse- og omsorg. Auka fokus på helsefremjing, livsmeistring, aktivitet og deltaking heile livet er viktig for god livskvalitet. Å vidareutvikle konseptet «Lev vel» i Vaksdal vil vere viktig i planperioden, særleg knytt til ressurscenter på Vaksdal og helsehus på Dale.

Helsefremjing, som også noko forenkla kan kallast folkehelse, er eit tverrfagleg tema der hensikten er å førebygge og/eller redusere behovet innbyggjarane har for helsetenester. Eit systematisk, folkehelsearbeid vil sette fokus på dei tiltaka vår kommune vil ha mest nytte av. Folkehelseoversynet viser at kommunen har utfordringar knytt til livsstilsvæl, samanlikna med andre kommunar, og risikoindeksen syner at kommunen er sårbar for ei negativ utvikling på folkehelseområdet. Dette bygger opp under behovet for eit sektorovergripande samarbeid, og dei ulike einingane arbeider med tiltak.

Oppvekst kjem godt ut i folkehelseoversynet, med høg trivsel. Den svake sida er særleg faglege prestasjonar i skulen. Risikoindeks peikar då også på oppvekst som ein særleg sårbar sektor. Kommunedelplan for oppvekst er frå 2013, med målsettingar for dette. Kommunen arbeider med ny barne- og ungdomsskule på Dale, som vil vere eit viktig tilpassing for eit godt skulemiljø og pedagogisk plattform. Dette vil vere eit stort «løft» for sektoren i planperioden. Framtidige behov, nye lover, reglar og metodar gjer at kommunedelplanen bør rullerast i takt med dette.

Talet på innvandrarar og forventa vekst gjer at kommunen ynskjer å lykkast med integreringsarbeidet. Dette har stor betydning for livskvalitet for våre nye landsmenn, og for vekst og verdiskaping i kommunen. Bustader og kommunale tenester er viktige faktorar, men også å sjå behov og moglegheiter hjå den enkelte. Dette vil mellom anna vere tema i kommunedelplan oppvekst og i bustadpolitisk strategiplan, som er tenkt rullert i planperioden.

Eit lovkrav (Alkoholoven §1-7d) til ei fag/temaplan for « Alkoholpolitisk handlingsplan». Kommunen sin gjeldande plan (Rusplan) er frå 2006, og bør rullerast.

⁴ Høg del som har grunnskule som høgste utdanning

Planarbeid vil med dette vera rullering av kommunedelplan *Oppvekst*, ruspolitisk handlingsplan, bustadpolitisk handlingsplan og areal- og ressursfordeling knytt til områdeplanar for stasjonsbyane. Trafikktryggleiksplanen vert evaluert årleg, og bør rullerast kvart 4. år. Dette vert då i 2020.

Klima, energi og miljø

Klimautfordringar med auka nedbør, flaum, ras, havnivåstigning og springflo er tema som er viktige både som tema- og arealplanarbeid. Av alle fylkene i Norge er det Hordaland som har størst utslepp av klimagassar. Transportsektoren og industri er dei største kjeldene, og halvparten av klimagassutsleppa skjer på område der kommunal sektor har verkemiddel. Ei sentral utfordring er å ta klimahensyn i all samfunns- og arealplanlegging, slik at tilpassing til eit «klimasmart» samfunn og ny teknologi gjev «grønt» skifte. Dette vil også gjelde for energi og nullutsleppsteknologi, og er del av kommuneplanen si overordna målsetting i samfunnsdelen, og pregar særleg arealplanlegging, beredskapsplanar, innkjøp og drift/vedlikehald. Kommunedelplan for Energi og klima 2011-2015 har langsiktige visjon- og målsettingar som enno står seg godt, og arbeidet med tiltak vert vidareført i komande planperiode. Rullering bør kome i slutten av planperioden.

Klima, energi og miljø vil vere eit viktig tema i arbeidet med områdeplanane i stasjonsbyane, og vil få stort fotavtrykk.

Ei anna aktuell utfordring er småkraftverk, og dette bør vere utgreidd i egen plan.

Samfunnstryggleik

I planperioden har kommunen utarbeidd ny overordna beredskapsplan basert på overordna ROS-analyse. Kommunen er budd når hendingar skjer eller trugar. Det vil sjølvstundt vere eit overordna mål at hendingar ikkje skjer. *Tryggleik i kvardagen* er viktig, og fokus på førebyggjande arbeid vil vere eit verkemiddel. Planen vert oppdatert ved endringar, og minimum kvart år. Analysane skal rullerast kvart 4. år, som vert i 2019.

Samla vurdering av planbehov i kommunen i perioden 2016-2020:

- Områdeplanar for Stasjonsbyane
- Massehandtering/deponi
- Småkraft

Planar til rullering i perioden

- Kommuneplanen er til rullering, med ferdigstilling i planperioden
- Kommunedelplan *Oppvekst*
- Trafikktryggleiksplan
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Energi- og klimaplan
- Bustadsosial strategiplan
- Ruspolitisk handlingsplan

Plantype og -namn	Vår 2017	Haust 2017	Vår 2018	Haust 2018	Vår 2019	Haust 2019	Vår 2020	Haust 2020
Kommuneplan								
Samfunnsdelen (2005)								
Arealdel (2007)								
Kommunedelplan Oppvekst								
Arealplanar								
Områdeplan Vaksdal								
Områdeplan Stanghelel								
Massedeponi								
Tema og fagplanar								
Overordna plan for <i>Samfunnstryggleik og beredskap</i>								
Strategisk plan for massehandtering								
Energi- og klimaplan								
Småkraft								
Ruspolitisk handlingsplan								
Trafikktryggleiksplan								
Bustadpolitisk strategiplan								

Tabell 1 Planarbeid 2016-2020

Følgjande overordna planar er gjeldande eller under arbeid:

Plantittel	Tidsperiode	Vedtaksdato	Merknad
Kommuneplanen Strategidel	2005 – 2015	13.06.2005	Er i prosess
Kommuneplanen Arealdel	2006 – 2016	19.02.2007	Er i prosess
Kommunedelplan Oppvekst	Mot år 2020	2013	Til rullering
Kommunedelplan Helse- og omsorg	2015-2030	11.04.2016	
Kommunedelplan for vegsamband Tysse – Kallestad		12.06.2006	
Kommunedelplan for klima og energi	2011 - 2015	26.09.2011	Til rullering, som temaplan
Strategisk næringsplan	2008 - 2012	2008	
Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde	Plan med handlingsprogram 2016-2019	2016 i dei respektive kommunestyra	
Overordna plan for samfunnstryggleik og beredskap	2015-	2015	Oppdaterast ved endringar. Til rullering i 2019.
Plan for kulturminne	2015-2018	14.12.2015	
Kulturplan	2016-2026	Vedteken 2016	
Trafikktryggleiksplan	2016-2020		Vert evaluert og oppdatert årleg. Til rullering 2019
Verneplan for Stølsheimen		Vedteken	
Bustadsosial strategiplan	2010 - 2015	08.02.2010	Til rullering
Rusmiddelplan (ruspolitisk handlingsplan)		2004	Til rullering
Hovudplan for vassforsyning		Vedteken	
Hovudplan for avlaup		Vedteken	



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
29/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.03.2017
33/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein-Ove Hesjedal	FE - 026, FA - K20, TI - &01	14/822

INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TILSYN MED FORSØPLING FORURENSINGSLOVEN - INNGÅING AV AVTALE MELLOM VAKSDAL KOMMUNE OG BIR AS

Vedlegg:

Avtale - tilsyn med forsøpling - Vaksdal 2017
Årsrapport-forsøpling2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner at kommune inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS.

Samarbeidet omfatter utføring av administrative oppgaver knyttet til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgaver med opprydding i saker om forsøpling i kommunen.

Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løse delar av kommunen sine oppgaver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensning og om avfall (forurensingsloven). Delegasjon av oppgaver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.

Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.

Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 29/2017

FPØ - Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet, ho er varamedlem til styret i BIR. Formannskapet vedtok med heimel i forvaltningsloven § 6 e) punkt 2 at Heidi Rongved er ugild til å delta under behandlinga av saka.

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner at kommunen inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS.

Samarbeidet omfatter utføring av administrative oppgaver knyttet til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgaver med opprydding i saker om forsøpling i kommunen.

Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løse delar av kommunen sine oppgaver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensning og om avfall (forurensingsloven). Delegasjon av oppgaver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.

Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.

Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar.

Saksopplysningar:

